



Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3059 - 22/78853

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:
17.10.2022

Avvisning av klage på gebyr - gbnr 357/23 Sætre

Administrativt vedtak: **Saknr:**
Tiltak: utviding av hytte
Byggjestad: Gbnr: 357/23

VEDTAK:

Klage datert 20.04.2022 vert avvist med heimel i fvl § 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl § 28 1.ledd, i tillegg er klagen sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreisning for oversitta klagefrist etter fvl § 31.

Alver kommune viser til klage datert 20.04.2022 på gebyr på vedtak datert 09.11.2021 om dispensasjon frå byggegrense i gjeldande plan. saksnr 21/3059.

Vurdering

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Ikkje enkeltvedtak

I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav ber eit enkeltvedtak eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personar».

Dersom avgjerda er eit gebyr er dette ikkje enkeltvedtak med klagrett.

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit

enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så langt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den enskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

Slik kommunen les klaga vert det beden om redusert gebyr. Om det betyr at klagar meiner ein skal nytte ein anna sats i gebyrregulativet er ikkje tydeleg. Kommunen legg til grunn at det er beden om redusert gebyr, men tar med ei lita framstilling med oversitta klagefrist under.

Det er ikkje klagerett på storleiken på gebyr. Om ein klager på at det er nytta feil gebyrsats er det klagerett.

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29.

Alver kommune sitt vedtak er datert 09.11.2021 og sendt ut per SvarUt den 10.11.2021. Klagefristen er 3 veker og gjekk ut den 01.12.2021.

Klagefristen er i så tilfelle oversitta med 4 månedar og 28 dagar. Klagen er ikkje rettidig.

Det følgjer av fvl § 31 at *«selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt*

a) parten eller hans fullmektige ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»

I vurderinga av om klagen skal realitetshandsamast skal det leggjast vekt på om endring av vedtaket kan føra til skade eller ulempe for andre.

Er klagen sett fram meir ein eitt år etter at vedtaket er fatta, kan ikkje klagen realitetshandsamast, jf. fvl § 31 3.ledd.

Vurdering:

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen, og kan ikkje sjå at det kjem fram noko som tilseier at ein skal gje oppreisning for oversitta klagefrist.

Gebyret er satt med heimel i gebyrforskrift for Alver kommune. Det er beden om redusert gebyr då det er gjeven dispensasjon til eit mindre tiltak.

Kommunen kan gje redusert gebyr når kommunen i sitt arbeid med ei sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen. Sjå under punkt 9 på side 5 i gebyrregulativet.

I klagen vert det vist til at det er søkt om dispensasjon frå pbl. § 1-8. Det stemmer ikkje. Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot sjø i gjeldande plan. Ved dispensasjon frå lov, plan eller forskrift er det gebyrsats 2.15.2 som skal nyttast.

Gebyret i punkt 2.15.1 gjeld om det er gjeven dispensasjon for mindre tiltak i LNF-område eller innanfor pbl. § 1-8.

Gebyret i punkt 2.15.2 gjeld om det er gjeven dispensasjon frå gjeldande plan, som i dette tilfellet.

Kommunen kan ikkje sjå at arbeidet med denne saka avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for denne sakstypen. Sjølv om det er gjeven dispensasjon for eit mindre tiltak er det ei dispensasjonsvurdering som skal gjerast.

På bakgrunn av ovannemde ville ikkje kommunen ha gjeve oppreisning for oversitta klagefrist, og heller ikkje redusert gebyr i denne saka. Det er difor ikkje kommen fram noko andre moment i klaga enn det var ved utmålinga av gebyr som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for utmålinga av gebyr i vårt vedtak datert 09.11.2021.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.